

To gode vener,  
Martin (7) og  
kalven Slikky



# BONDEVENNEN

Nr. 33/34 – 26. august 2016

# NITROGENGJØDSEL



Foto: May Linda Schjølberg

## Augustpriser

Gjør en god handel. Vi har nå svært gode priser på Nitrogengjødsel.

CAN 27%N

**2.290,-**

OPTI-NS™ 27-0-0 (4S)

**2.450,-**

Ammoniumnitrat 34,4%

**2.490,-**

Prisene er pr. tonn eks. mva.

Bestill på **fkra.no**, ordretelefon **994 30 640**,  
din lokale forhandler eller FK butikk.

### Kvantumsrabatt

1% ved minst 12 tonn

2% ved minst 18 tonn

3% ved minst 28 tonn



**Felleskjøpet Rogaland Agder**

# Jorda blir varmare

**KLIMASPØRSMÅLET** har noko kosmisk ved seg. Vår Herres klinkekule, den lille blå planet, er i trøbbel.

"Omsider kom han trett, som alle poder når det er kveld og leken har vært sen. Han lå på kne og samlet sine klodser. Da så han at han hadde mistet en «Den lille blå». Den minste av dem alle. Han lette under gress og sten og hekk. Og den som var så blank i solefallet. Men mørket kom, og kulen den var vekk." (Erik Bye)

Jorda har fått «feber» fordi lufta ikkje lenger er så rein og balansert som den eingong var.

**LENGE VAR** det bare spesielt interesserte innanfor akademia og miljøaktivistar som trudde på menneskeskapte klimaendringar. Etter klimatoppmøtet i Paris, er det ikkje lenger politisk korrekt å fornekte temaet.

- Klimaendringa er vår tids viktigaste utfordring, får vi høre frå politikarane, men i praksis har klimautfordringa blitt møtt med eit skuldertrekk, og vi går vidare i same spor.

- **MENNESKESKAPTE** klimaendringar og vêrfenomenet El Niño, sender temperaturen på jorda til himmels, les vi på NRK nyheiter. NASA og den amerikanske forskingsstasjonen NOAA, har registrert at den globale temperaturen, dei siste 15 månadane, er den høgaste som er registrert i moderne tid.

**REGJERINGSPARTIA** Høyre og FrP har gått frå uttalt skepsis til ei «best i klassen» haldning når det gjeld målsettingar om å stanse oppvarminga av kloden. Klima- og miljøvernminister, Vidar Helgesen, (H) har vore i Brussel og gjort avtale med EU om at Norge, innan 2030, skal kutte utsleppa av klimagassar med 40 prosent i såkalla ikkje kvotepliktig sektor, der transport og landbruk høyrer heime. I EU er målet for utsleppskutt 30 prosent, 10 prosent lågare enn det Norge vil kutte.



- Vi vil bli likebehandlet med EU-landene og ha et mål som reflekterer hvor velstående vi er. Det er BNP per innbygger som legger det målet til grunn, seier Vidar Helgesen, i eit intervju med NRK.

**KLIMASPØRSMÅLA** er ingen eksakt vitskap. Årsak og verknad bygger på kompliserte og usikre utrekningsmodellar, og generelle miljøutfordringar blir ofte sausa inn i klimadebatten. Kva er menneskeskapte og kva er naturlege temperaturvariasjonar? I tillegg gjer vi klokt i å korrigere for skjulte økonomiske og politiske agendaer og motiv, frå ulike aktørar med sans for eigenvinning.

**DRIVHUSEFFEKTEN**, på grunn av auka innhald av karbondioksyd ( $\text{CO}_2$ ) i atmosfæren, er hovudårsaka til menneskeskapt oppvarming. Det starta med den industrielle revolusjon, då vi tok i bruk fossil energi; kull, olje og gass. I tillegg har jordbruket fått eit særleg fokus for utslepp av metangass ( $\text{CH}_4$ ) frå husdyr og husdyrgjødsel og lystgass ( $\text{N}_2\text{O}$ ), i samband med nitrogengjødsling og dyrking på myr. Målt per eining gir desse gassane endå sterke drivhus-effekt enn  $\text{CO}_2$ , men metan blir relativt raskt broten ned i atmosfæren. Samla utslepp frå jordbruket er sagt å

vera åtte prosent av samla klimagass-utslepp i Norge. Den store plussida for landbruket ligg i binding av  $\text{CO}_2$  i skog, anna vegetasjon og i jorda.

**I DENNE SAKA** må ein ha fleire tankar i hovudet samtidig. Sjølvsagt må landbruket møte klimautfordringane offensivt. Landbruket er både ein del av løysinga og ein del av problemet. Vi må halde fast ved at matproduksjon er ein biologisk prosess som alltid har vore i samspele med naturen. Den store (menneskeskapte) temperaturendringa kom ved bruk av fossil energi. Vi etterlyser ein langt meir kunnskapsbasert og heilsakleg analyse om landbruket si klimarolle, enn dei fragmenterte oppslaga vi blir presentert for i media om dagen.



**Eirik Stople**  
eirik@bondevennen.no

**leiari: landbruk, politikk og samfunn**

Årgang 119

**Utgjevar:**  
Bondevennen SA

**Abonnement:**  
kr 990,-

**Bankgiro:**  
3201.05.11916

**Redaksjon:**  
Sandvikveien 21, Hillevåg  
Postboks 208 sentrum,  
4001 Stavanger

**Telefon:**  
51 88 70 00 (sentralbord)  
51 88 72 61 (9.00-15.30)

**E-post:**  
post@bondevennen.no

**Internettadresse:**  
[www.bondevennen.no](http://www.bondevennen.no)

#### Redaktør



Eirik Stople  
eirik@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 72 60/976 06 969

#### Redaksjonen



Jofrid Åsland (red. sjef)  
jofrid@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 73 44/938 82 341



Jane Brit Sande  
janebrit@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 72 63



Liv Kristin Sola  
livkristin@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 72 64

#### Grafisk



Sten Torgeir Solberg  
sten@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 72 65



Thea Hjertuslot  
thea@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 72 65

#### Abonnement



Ann Solfrid Woldmo  
ann@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 72 61

#### Annonsar



Grete Botnan  
grete@bondevennen.no  
Tlf.: 51 88 72 61



#### Framsida

Martin Espeland Nilsen er sju år og bur på Kydland i Gjesdal i Rogaland. Han og familien driv gard med mjølk og sau. Martin mønstra kalv for første gong, og fekk besøk både av dei to dommarane og av lokalavisa som laga reportasje og film om han og littlebroren Fredrik.

Foto: Liv Kristin Sola

## Denne veka i Bondevennen

Terje Birkeland var berre 16 år då han blei sjef i gardstunet på garden i Evje og Hornnes, Aust-Agder. Bonden kan no skryte på seg tre tiår som matprodusent. Anders Felde, fylkesleiar i Sogn og Fjordane Bondelag, snakkar helst om levande bygder og eit aktivt landbruk. Me fekk han likevel til å snakke litt om seg sjølv. Du treff han i Sommarportrettet. Ida Løken og Jørgen Anda vil bli bønder. Dei meiner kunnskap om agrokologi og global matproduksjon er viktig for dei som vil ha ei framtid i landbruket.

Norsk Landbruksrådgjeving bidreg med fleire sider med godt fagstoff. Du får lese om plansiloar, plantevernjournal, haustsprøyting, sikkerheit, og mykje meir.

#### REPORTASJAR

Jubileumsbonden ..... 10

Framtidsbøndene ..... 2

#### NORSK LANDBRUKSRÅDGIVING

Plansiloar - tiltak  
mot avrenning ..... 14

Plantevernjournal ..... 15

Mange fordeler ved haust-  
sprøyting ..... 16

Spar tid ved å notere direkte  
på mobilen ..... 18

Egne utfordringer i fokus på  
Grovforskolen ..... 19

Førebuing til hausting av  
lagringspoteter ..... 20

Den vesle tua og det store lasset... 21

#### AKTUELTT

Proffene kommer ..... 6

Store endringar i jordbruks-  
frådraget på gang ..... 7

Kalvemønstring ..... 8

Auka erstatning etter  
offentlege pålegg ..... 9

#### DESSUTAN

Tydeleg og uredd ..... 22

Ein av "gutta" ..... 26

Gode hjelpearar ..... 27

Ytring: Til Bartnes, Norges  
Bondelag ..... 28

Faglag og møte ..... 29




**Vi inviterer deg  
med på laget**

## Gode produsenter gir gode resultater

**FORMAT**

Ferske tall fra FK Slaktegriskontroll i 2015 viser økt tilvekst og lavere fôrforbruk på tross av økte slaktevekter. Vi er stolte over å ha bidratt til forbedrede produksjonsresultater hos våre kunder.

**Vi tilbyr markedets beste fôr, høyt skolerte rådgivere og dokumenterte resultater!**



Tabellen viser snitt tal for slaktegriskontrollen hos FK Agri og FKRA.

**www.fkra.no - ordretelefon 994 30 640**



**Felleskjøpet Rogaland Agder**

Felleskjøpet Rogaland Agder (FKRA) bidrar til økt lønnsomhet for bonden! Vi produserer og selger fôr, gjødsel og såvarer. Vi leverer dessuten traktorer og maskinværer. Vi har 19 butikker og 7 verksteder fra Sunnhordland i nord til Tvedstrand i sør. Hovedkontoret ligger i Stavanger, mens maskindivisjonen ledes fra Klepp.

# Proffene kommer

**Tour des Fjords inviterer i samarbeid med Felleskjøpet Rogaland Agder og Bondevennen alle bønder til å skape mest mulig liv langs løypa.**

**Roy Hegreberg**  
Event Director/Daglig leder

Tour des Fjords (TDF) arrangeres i år for fjerde gang. Flere av de største lagene som Katusha, BMC, Tinkoff og IAM kommer, og TV2 sender direkte fra løpet hver dag. En håndplukket jury vil kåre det mest kreative innslaget og vinneren stikker av med en signert trøye av Alexander Kristoff og en gavepakke på 1.000 kroner fra FK-butikken. Bli med på årets sykkelfest du også.

I anledning årets sykkelfest på Vestlandet gis alle bønder i tilknytning til Bondevennen en unik mulighet til å vise frem vår fantastiske region.

Dere oppfordres herved til å bruke kreativitet, sjarm og energisk drivkraft i å heie frem rytterne. Årets Tdf-løype drar proffene fra Bergen i Nord til Hå på Jæren i sør.

Dette er vår sjanse til å plassere distrikten og gårdsdriften på kartet og komme på direktesendt TV.



Proffrytterne i aksjon med vakre jordbrukslandskap som kulisser. Foto: Tour des Fjords

Bruk marker og jorder, pynt dem med siloballer/halmballer, dyr, traktorer og annet utstyr, inviter naboen på grilling og hei frem ryttere og følebiler som passerer.

Ved å legge til Tour des Fjords på Instagram, samt ta bilde av ditt innslag og bruke hashtag #sykkelfest og #bondevennen øker du vinnersjansene!

Vi gleder oss til å se ditt bidrag! Dag Otto Lauritzen kjører foran løpet og stopper der hvor han ser kreativiteten har vært størst.

For detaljert info om løyper og traaser se [www.tourdesfjords.no](http://www.tourdesfjords.no)

## Sendetider TV2

**Onsdag 31. august kl. 15.30-18.30**

Os-Bergen

**Torsdag 01. september kl. 15.30-18.30**

Stord-Odda

**Fredag 02. september kl. 15.00-18.30**

Ulvik-Suldal

**Lørdag 03. september kl. 13.30-18.30**

Stavanger- Jæren-Sandnes

**Søndag 04. september kl. 11.30-16.30**

Hinna Park-Stavanger



Tour des Fjords arrangøren oppfordrer til spennende innslag langs løypetraseen.  
Foto: Tour des Fjords



## ORIENTERING:

# Store endringar i jordbruksfrådraget på gang

**Regjeringa føreslår å fjerne  
toppavgrensinga for  
jordbruksfrådraget og opne  
for at aksjeselskap kan få  
jordbruksfrådrag. Men  
fleire tilleggsnæringer skal  
ikkje lenger inngå i  
jordbruksfrådraget.**

**Innsendt av jordbruksjef i Lund,  
Olav Magne Tonstad**

Forslaget til endringane er berekna til å gje landbruket 250 millioner kroner i skattelette. Forslaget synes å vere ei oppfølging av tidlegare landbruksminister Sylvi Listhaug sine endringar i regelverket for produksjonstilskot i 2014 og 2015, som førte til betydeleg meir tilskot til dei store brukene. Nå fylgjer finansministeren opp dette ved at auka jordbruksfrådrag fører til at dei same bøndene får behalde ein større del av sine inntekter.

### Fjerne øvre grense

Dagens tak fører til at bøndene får maksimalt jordbruksfrådrag ved ei jordbruksinntekt på 334.300 kroner pr. år, noko som gir ein maksimal skattereduksjon på ca. 45.000 kroner. Dersom denne øvre grensa vert fjerna, vil bønder med høgare næringsinntekter få meir i frådrag og meir i skattelette. Frådraget vil auke i takt med auken i bonden si inntekt. Ein bonde med ein million i inntekt vil få ca. 100.000 kroner i skattelette. I 2013 var det bare 23 prosent av bøndene som hadde høg nok næringsinntekt til å oppnå maksimalt jordbruksfrådrag.

### Aksjeselskap bør få jordbruksfrådrag

Regjeringa vil no opne for at aksjeselskap kan få jordbruksfrådrag. Dette

er i tråd med regjeringa sin politikk om å legge forholda betre til rette for aksjeselskap i jordbruket. Regjeringa har tidlegare gjort det enklare for aksjeselskap å kunne søke produksjonstilskot. Nå blir dette fylgt opp med jordbruksfrådrag, som vil føre til større skattemessig likebehandling mellom aksjeselskap og føretak i landbruket.

### Ikkje lenger buplikt

Departementet opphevar kravet til buplikt for dei som nyttar seg av jordbruksfrådraget. Dette vil gjere det mogleg for aksjeselskap å nytte seg av jordbruksfrådraget. Ektefeller og sambuarar kan få to frådrag dersom dei driv kvart sitt gardsbruk og vert likna kvar for seg. Det er i dag ikkje krav om buplikt for dei som søker produksjonstilskot.

### Ikkje frådrag for tilleggsnæringer

Departementet føreslår å målrette jordbruksfrådraget slik at det i hovudsak skal omfatte inntekter fra førproduksjon og matproduksjon. Konsekvensen av dette blir at ei rekke tilleggsinntekter ikkje lenger skal inngå i grunnlaget for jordbruksfrådrag, så som:

- Jakt og fiske, samt sinking av bær, konglar og mose mv.
- Drift av grustak
- Utleie av betydelege driftsmiddel på garden til aktivitetar som ikkje vert sett på som jord- eller hagebruk
- Pelsdyroppdrett
- Produksjon av biomasse til energiførermål, som for eksempel produksjon av ved
- Inntekter frå næringsdrift utanom jordbruket med ein omsetnad over 30.000 kroner
- Dyrking av blomster og andre prydvekstar
- Avl, oppdrett og oppstalling av hest
- Visse inntekter frå deltaking i deltarlikna selskap.

- Sjukepengar knyta til aktiviteter som ikkje er omfatta av jordbruksfrådraget
- Visse typar kapitalinntekter som blant anna gevinst ved realisasjon av alminneleg jordbruks- og skogbrukseigedom.

### Like konkurransevilkår

Finansdepartementet viser til at mange av desse tenestene også vert tilbydd av verksemder utanfor landbruket, og desse verksemndene har ei konkurranseulempe samanlikna med bønder som får eit ekstra frådrag for slike verksemder. Forslaget om å fjerne jordbruksfrådraget vil derfor bidra til konkurranse på like vilkår.

### Organisasjonane kritiske

Departementet sitt forslag til endringar i jordbruksfrådraget har vore ute på høyring. Det har kome fleire merknader. Bondelaget går mot at aksjeselskap kan få jordbruksfrådrag. Bondelaget kan heller ikkje akseptere at pelsdyr og produksjon av blomar og prydvekstar mister retten til jordbruksfrådrag. Bondelaget meiner at endringar i reglar for jordbruksfrådrag vil føre til større utgifter til renesskapsføring for bøndene. Småbrukarlaget er i mot å redusere talet på produksjonar som kan gje grunnlag for jordbruksfrådrag. Organisasjonen er også i mot å fjerne taket for jordbruksfrådrag, og vil heller ikkje gje jordbruksfrådrag til aksjeselskap.

# Kalvemønstring

**I Gjesdal transporterer dei heller dommarar enn barn og kalvar. Då vert det mønstring på eige tun.**

■ **Liv Kristin Sola**

Kalvemønstring på eigen gard vart arrangert for tredje gong i kommunen. Denne gongen hadde Tine Gjesdal Produsentlag fått med seg Gjesdal Bondelag då dei inviterte til å kalvemønstring. Nokre veker før sjølvе mønstringa, var barna samla til ei «treningsamling», kor dei fekk gode tips og råd om korleis dei skal mønstra kalv.

Mange hadde trent mykje, andre litt mindre. Nokre kalvar hadde ein god dag, andre vart kan hende litt distraheret av sola som viste seg første gong på fleire veker.

Same kvelden var det samling på Bygdahuset, med pizza og juice, og utdeling av Geno-krus og sløyfer til alle.

**1.** På Helland hadde Elisabeth og Ådne god kontroll på kalvane. Dei kunne både gå framover og bakover, stille i open posisjon, og gå kontrollert i hinderløypa, der grastustar fungerte som kjegler. Elisabeth var den som imponerte dommarane aller mest, og stakk av med 1. premien.

**2.** Hermund Lende og Reidar Eilev Time, er pensjonerte inseminørar og bønder, og hyra inn som dommarar



1

på kalvemønstringa. Dei har eit godtauge for kven som har lagt ned arbeid i å velga ut ein triveleg kalv, og bruktid med kalven i forkant.

- Det var imponerande mange flotte kalvar i år, og eit høgt nivå på mønstrarane, sa dommarane.

Dei var samstemde om kven som utmerka seg, og hadde ein klar 1. og 2. plass. Resten var det vanskeleg å skilja, og dei kom alle på ein delt 3. plass.

**3.** Mathias på Berge, gjorde stas både på seg og kalven, og fekk utmerking med flottaste påkledning.

**4.** Sondre på Ravndal, hadde lært kalven å hoppa over spønesekkane.

**5.** På Gjesdal er dei i full gang med kalvinga om dagen, og har eit stort utval av kalvar. Trygve (t.v.) imponerte dommarane med sin teknikk for å få kalven til å gå, og fekk 2. pre-

mie. Live mønstra kalven, Ine, medan Eskil hadde lånt kalven Line. Begge kalvane er etter Live sine eigne kyr.

**6.** Martin (t.v.) og Fredrik på Kydland, mønstra to friske kalvar med mykje energi, noko dei to gutane klarte med glans. Fredrik på fem, vart kåra til best av dei yngste.

**7.** På Ravndal har Torkil (t.v.) og Sondre mykje erfaring med å mønstra kalv. Begge hadde triks å visa fram.

**8.** På Berge var dei fire som mønstra. Livar og Mathias lånte ut kalvar til venner som ikkje bur på gard. F.v. Livar, Christian Fredrik, Mathias og Julie. Christian Fredrik imponerte dommarane og vart kåra som beste nybegynnar.


**Fleire bilete på Bondevennen.no**



2



3



4



5



6



7



8

## ORIENTERING:

# Auka erstatning etter offentlege pålegg

**Landbruksdepartementet vil auke erstatningane for produksjonsdyr som dør eller må slaktast med 20 prosent, og betale høgare godtgjering for eigen-innsats i samband med smittesanering.**

Innsendt av jordbruksjef i Lund, Olav Magne Tonstad

Landbruks- og matdepartementet fastsette nyleg ei ny forskrift om erstatning etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjonen. Endringane tok til å gjelde fra 3. juni 2016.

### 36 millionar i erstatning etter MRSA

I Rogaland har det vore mest fokus på erstatning etter utbrot av svinesjukdomen MRSA, der det til nå er betalt ut 36 millionar kroner i erstatning. Sidan 2013, då det første utbrotet kom, er det blitt betalt ut erstatning til 21 svineprodusentar. For svine-

produsentar som driv med smågrisproduksjon er det også blitt betalt ut kompensasjon for produksjonstap i perioden produksjonen låg ned. Desse produsentane vil ikkje nyte godt av endringane som kom i juni i år. Til nå i 2016 har det ikkje vore utbrot av MRSA i Rogaland.

### Erstatningsreglane

Det blir betalt ut erstatning for dyr etter standardiserte satsar og for dokumenterte utgifter til sanering og reingjering etter utbrotet. Desse satsane finn ein i forskrifta for kvart enkelt dyreslag og aldersgruppe.

### Frådrag i erstatninga

Sparte kostnader som ei følgje av pålegg om slakting av dyr, skal trekast frå i samband med berekning av erstatninga. Bøndene må også dekke ein eigenandel som varierer med kva type erstatning som skal utbetalast.

Dersom Mattilsynet har gitt pålegg om bygningsmessige tiltak i samband med saneringa, skal dette korrigeraast når erstatninga skal beta-

last ut. Det vil seie at bonden skal få erstatning for det tapet han har hatt i samband med utbrotet. Men han får ikkje full erstatning dersom han for eksempel må skifte ut den gamle innreiinga med ei ny innreiing av betre kvalitet og standard.

Svinebøndene har vore frustrerte over at det har vore vanskeleg å få aksept for å kjøpe inn nytt utstyr i staden for å vaske og reingjere det gamle utstyret. Dette sjølv om det i mange tilfelle har vore billegare å kjøpe nytt utstyr enn å reingjere det gamle utstyret.

### Høgare timebetaling for eigeninnsats

Bønder har vore misfornøgde med at det har vore for låg timebetaling på eigeninnsatsen som dei må utføre i samband med saneringa. På den andre sida vil bøndene få full kompensasjon dersom dei leiger inn eit firma til å utføre vaskejobben. Dette meiner bøndene har vore urimeleg. No vil dei nyte godt av høgare betaling for eigeninnsatsen.



*Terje og Elin trivast godt saman på garden. – Skal eg sjå noko til han, så må eg vere med litt, fleiper Elin.*

# Jubileumsbonden

**Terje starta drive garden så snart han var ferdig med grunnskulen. No kan han vise til tre tiår som bonde og matprodusent.**

 Jane Brit Sande

I år det jubileum i Evje og Hornnes, Aust-Agder. Terje Birkeland har vore mjølkebonde på garden i 30 år. Sidan 1986, då Terje var ferdig med ungdomsskulen, har han drifta heimegarden. Sjølv om Terje ikkje var eldst i flokken på fire, var det ingen tvil om at det var han som skulle drive garden.

– Det var dette eg ville, eg hadde ingen andre planar, minnest han.

Men brørne er fortsatt i gardstunet med jamne mellomrom, då Terje har gitt dei rom til både motormekking og ved.


– Dei er stadig heimom alle tre, det er mykje liv på garden.

Elin Fjellheim (31) og Terje Birkeland (46) driv gard med mjølkeproduksjon, ammekyr, og produksjon av Kvalitetskalv på Birkeland i Evje og Hornnes kommune, Aust-Agder. Elin har sonen Jostein (11) frå før.

Terje har drive garden sidan 1986. Han tok over garden etter foreldra Ingrid og Bjørn Birkeland i 1991.

Mjølkekveten på garden måler i dag 182.000 liter. Dei kjøper kalvar av nabobønder, og leverer om lag 50 kalv til slakt i året. I tillegg har dei 6 ammekyr.

Totalt måler fulldyrka areal 360 daa, og beite måler om lag 20 daa.





Bjørn, far til Terje, syslar med både det eine og det andre. Her er på veg for å sjekke bikubane.

Fire slaktegriser var allereie kjøpt inn då Terje starta drive garden. Grisane var finansiert av konfirmasjonspengane.

– Garden her var eit bureisingsbruk, og far starta dyrkinga her mot slutten av 1970-talet. Han hadde litt sau og ungdyr, men starta ikkje med mjølk før eg var blitt 16 år, fortel Terje.

Tenåringen var sikker i sin sak, han ville驱ive heimegarden. Tilbodet om å gå i lære for å bli snekker takka han nei til, og han har ikkje angra sidan.

– Eg traff hylla i livet, seier han.

Saman med sambuaren Elin Fjellheim, driv han no gard med mjølkeproduksjon, ammekyr, og produksjon av Kvalitetsskalv.

### Bygge, bygge, bygge

Bygningane på garden er tilpassa drifta i fleire omganger. Første etappe var utbygging av mjølcefjøset. Terje fekk ei solid auking i plass i fjøset, då



Skogsbeitet er like ved fjøset, og måler om lag 40 daa. Dyra veit godt kva det betyr når det kjem ei bøtte.

dåverande 10 mjølkebåsar vart utvida til 24. I 2001 bygde han om sauehuset slik at det er betre tilpassa for å huse kalvane. I 2012/2013 vart mjølkerommet utvida, og Terje fekk satt inn både skinnebane og større mjølketank.

– Eg har òg bygd reiskapshuset, det

har eg gjort undervegs, fortel Terje.

Oppi det heile bygde Terje eigen bustad. Frå byggstart til innflytting gjekk det om lag tre år. Men det stopper ikkje her.

– Då eg kjøpte nabogarden, fulgte det med ein bustad. Den er eg i gang

Fjøset er bygd på i fleire omganger (biletet til venstre), og Terje fortel låven vart bygd då han var 12 år. Sidan kom sauehuset, som vart ombygd til å huse kalvane, og seinare eit romsleg mjølkerom. I biletet til høgre kan du beundre veggpynten på veggen til mjølkerommet.



med å restaurera, eg skifta tak for nokre år sidan og eg har skifta kledning og vindauge. Eg likar godt å tumle med mange ting på ein gong, fortel Terje.

### Forandringar gjennom tida

Tidene i landbruket forandrar seg stadig, og Evje er ikkje eit unntak. Terje minnest då han først starta. Den gong var dei 30 mjølkeprodusentar i kommunen. No er dei seks.

– Det tek seg opp i landbruket her i kommunen no, særleg på sau og ammeku. Det er kjekt å sjå. Men det er trist når me ser at neste generasjon på garden vil, men ikkje slepp til, seier Terje.

Trass i at dei er færre mjølkeprodusentar, er det ikkje nedgangen i talet på liter mjølk i kommune like stor. Men Terje synst utviklinga går fort.

– Det største aberet er at det er fleire og fleire bønder som må køyre langt for å hente grovføret. Det er ikkje så ille her i Evje, det kan vere litt kniving bøndene i mellom, men fleire stader sitter bønder og byr over kvar andre for jorda.

### Rikeleg med grovför

Garden vart utvida då Terje kjøpte



*Dei største kalvane bakarst i biletet vart senda på slaktebilen berre nokre dagar etter Bondevennen var på besøk. Det gamle sauehuset gjør nytten som kalvefjøs.*

nabogarden av eit familiemedlem. Garden han kjøpte var i si tid hovudbruket. På den garden hadde det ikkje vore husdyr sidan 1960-talet, men der er mykje dyrka jord. På garden hadde dei drive med korn og poteter, og no nyttar Terje arealet til grovförproduksjon. Grovförarealet har utvida seg betrakteleg, og no måler det 360 daa fulldyrka. Beitearealet måler om lag 20 daa.

– Eg har eit prosjekt gåande på å dyrka litt meir beite, seier Terje.

Bakgrunnen for dette, er at han har planar om å auka på med ammekyr. I dag har dei litt hereford, men

Elin og Terje vil ha ein tyngre rase, og vurderer limousin.

– Det attraktivt med dei ekstra kronene på kiloet, kommenterer dei.

– Men eg må nok bygge litt igjen, seier Terje, utan at det verker som han tar akkurat dét så tungt.

– Og så må me over til lausdrift òg etter kvart, så eg har litt forskjellege planar.

Ammekyr og livkviger er ute på beite heile året. Elin og Terje har eit godt beite like ved fjøset. Om vinteren er dette beitet justert frå 40 daa til om lag 15 daa.

*Ammekyrne trivst godt på beitet bak fjøset, men kanskje ikkje like godt med ein fotograf på besøk. Til høgre i biletet er ein del av fjøset.*



– Neste byggetrinn på garden er å bygge slik at desse dyra slepp vere ute på vinteren, seier Terje.

Mjølkekyrne går ute på eit dyrka beite. Terje deler kyrne inn i to grupper; den eine er ute på dagen, medan den andre er ute på natta. Bakgrunnen for dette er at dei vil utnytta både plassen i fjøset og på beitet så godt som mogleg.

### Tøff dame

Elin kom til gards for knappe tre månadar sidan. Dei har vore kjærestar i nokre år allereie, og no er ho endeleg fastbuande.

– Du får få Elin til å fortelje, svarer Terje til spørsmål om korleis dei møttest.

Og Elin smiler og fortel ho ville ha ein «deit» utanom det vanlege.

– Eg sendte han ein SMS med tid og stad, og håpa han ville stille opp, fortel ho.

Stad for møtet var ikkje ein klam kafé med kvar sin kaffikopp. Langt der i frå. Ho ville treffe han på toppen av Fennefoss, knapt 500 m.o.h, ein tur på om lag to timer.

– Eg hadde ikkje peiling på kven eg skulle treffe, seier Terje, medan Elin smiler lurt.

Terje stilla opp, og resten er historie.

### Kvalitetskalv

I tillegg til eigne kalvar, kjøper Terje kalvar frå eit knippe nabobønder, og leverer om lag 50 kalvar til slakt kvart år. Han produserer og leverer med avtale om Kvalitetskalv til Nortura. Kvalitetskalv er ein spesialproduksjon med krav om slakteklasse, alder og vekt. Dette kjøtet blir marknadsført som Gourmet Kalv i butikkane. Kalvane til Terje er om lag sju månadar gamle når dei blir sende til slakt.

– Eg skal ha fem-seks liter råmjølk i kalvane så fort som mogleg, seinast i løpet av dei første seks til sju timene, og dei må suge sjølv. Kalvane får mjølk til dei er eit par månadar gamle, svarer Terje, på kva han meiner er viktig for å få sunne og friske kalvar.

– Eg har alltid råmjølk i fryseboksen, slik at eg aldri blir ståande utan nok råmjølk til kalven dei første dagane. Eg deler med naboar om dei treng det, og siste nye er at eg har kjøpt utstyr for å måle næringsinnhaldet på råmjølka. Det blir spanande



*Terje deler dei mjølkekyrne inn i to puljar; den eine beiter ute på dagtid, medan den andre på natta. Terje gjør det han kan for å utnytta mjøkeplassane og beitesesongen maksimalt.*

å sjå korleis det fungerer, fortel han.

Terje synast rutinane han har fungerer godt, men meiner det alltid er noko som kan bli betre.

– Det er det som er det mest interessante med dyr, ein blir liksom aldri utlært.

– Men så er du så flink, skryt Elin.

– Jo, eg prøver jo, svarar Terje.

Det er kalving heile året hjå Elin og Terje, det er om og gjøre å få gjennom mest mogleg mjølk på kvar mjølkebås. Kalvane han kjøper er blitt 100 kg når dei kjem til Birkeland gard.

– Når dei er blitt så store, er dei ferdige med mjølka. Det er flinke bønder eg kjøper kalvar av, skryt Terje.

### Uvanleg slattear

Eit vanleg år byr på to slåttar, og på den beste enga kan Terje hauste inn ein tredje slått. I år såg ut til å vere eit slikt år, då avlingane så langt, då me var på besøk i starten av august, hadde vore av den gode sorten.

– Men våret har vore uvanleg ustabil i år, kommenterer Terje.

– Ja, her om dagen satt han ved kjøkkenbordet og sukka meir enn normalt, erter Elin.

– Ja, men kvar gong eg trudde det var klart til å starte, kom det regn, svarar han, og innrømmer at han blir «litt småstressa» av regnet, med tanke på slåtten.

Tydeleg uvanleg med slike tilstander hjå bøndene i Evje, men Terje smilar for det; han får føret i hus i år òg.


– Eg har ein del sandjord, og vanlegvis pleier eg vatne denne jorda. I år

har ikkje der vore nødvendig, samanliknar Terje.

Maskinane står klar for ei slåtteøkt så snart Bondevennens utsending reiser frå garden. Terje fortel han har eigen maskinpark, men òg litt samarbeid med andre bønder.

– Men det er ikkje om og gjøre med maskinane. Eg har kjøpt litt og litt, og det er ti år sidan eg kjøpte ny traktor no, seier han.

*Ei nyfiken ku våga seg til å snuse på kameraet.*



# Plansiloar - tiltak mot avrenning

**Sjølv med fortorking av graset ser vi pressaft-avrenning frå plansiloar.**

Ragnvald Gramstad, seniorrådgivar  
Joacim Laurendz, bygningsrådgivar  
NLR Rogaland

Det er etablert og vert stadig bygd nye plansiloar av ulike slag. Nokre med 2 veggjar av ulik høgd, og andre med 3 veggjar. Generelt vert grovför til desse lagerplassane fortørka til vel 30 prosent og kanskje opp mot 40 prosent tørrstoff. Under slike forhold skal ein ikkje få pressaftavrenning, men i praksis finn ein noko anna. Kvifor er det slik?

## Regnvatn, ei stor utfordring


Det er som oftast utover hausten og vinteren at det vert påvist avrenning frå plansiloar. Dette vert synleg på ulike måtar, både på overflata rundt siloanlegget og i grøfter, kanalar og bekker. Vi har lett for å konkludera med at dette ikkje kjem frå mitt anlegg fordi eg har fortørka gras i siloen. Dersom ein ikkje har gjort tiltak for å unngå avrenning, vil regnvatn siga ned langs siloveggen, delvis inn under silomassen og vidare ut til opninga i siloen. Blanding av regnvatn og siloshaft utgjer ein stor fare for ureining. Og hugs; det skal berre ca. 1 liter silopressaft til 5.000 liter vatn for å starta dei uønska biologiske prosessane i vassdraga.

## Kva bør ein gjera?

NLR-Rogaland er, ved hjelp av økonomisk støtte hjå Fylkesmannen i Rogaland, i gang med eit prosjekt som skal klarleggja ulike tiltak mot avrenning. Dette kjem ut som ein eigen rapport og anbefaling til hausten, men vi vil alt no omtala eksempel på aktuelle tiltak:

## Riktig bruk av plasfolie i siloen

Plastduken skal ligge ein meter inn under silomassen, opp langs kantane og ut over føret. Det er viktig at det ikkje er hull/rifter i plasten.



Tverr-renda samlar opp silopressaft og vatn frå siloen. Vatnet blir leia til inspeksjonskummen. Denne kan stengast slik at ureina vatn kan pumpas til gjødselkum, og rein silopressaft kan tappast på eigna behaldar. Foto: Joacim Laurendz.

## Drenering og inspeksjonskum

Dreneringa rundt siloen må ende i ein inspeksjonskumme, der skal du ha muligkeit til å føra det ureina vatnet over i, til dømes, gjødsellageret. Ureina vatn i denne samanheng er regnvatn som har vore i kontakt med silorestar eller siloshaft.

Rein silopressaft skal samlast opp i ein eigen kum, og lagrast i eigna behaldar. Denne kan spreast på jorda i tillat tidsrom.

Regnvatn som ikkje har vore i kontakt siloshaft eller silomasse kan førast ut i naturen.

Her kjem sju artiklar  
innsendt av Norsk  
Landbruksrådgiving  
på oppdrag frå  
Bondevennen.

# Plantevernjournal

**Det er utvida krav til  
plantevernjournal for  
integrt plantevern  
og omsyn til vassmiljø.  
Bruksområde for plante-  
vernmiddel når det gjeld  
miljøomsyn er avgrensa.**

Ane Harestad, NLR Rogaland

Før ny forskrift kom i juni 2015, var minstekrav om journalføring namn på preparat, tidspunkt for behandling, dose, behandla område og kulturvekst.

## Utvida krav

Etter dei nye journalkrava skal det i tillegg gå fram kva vurderingar av integrert plantevern som er gjort og kva tiltak som er brukt. Med tanke på vassmiljø har den som brukar plantevernmiddelet nær vatn og vassdrag «plikt til å iverksette hensiktsmessige tiltak for å redusere risikoen for forurensning av vann, og skal føre og oppbevare journaler over hvilke tiltak som er truffet».

## Restriksjonar for randonar, leikeareal og hobbyhagar

Det er forbod mot bruk av plantevernmiddelet nærmore vatn enn 3 meter og frå drikkevassbasseng 50 meter.

For sprøyting av kantsonar må ein sende søknadsskjema til kommunen for dispensasjon. Søknadsskjema ligg på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no).



Kantsone mot vassdrag. Det er forbod mot bruk av plantevernmiddelet nærmore vatn enn 3 meter og frå drikkevassbasseng 50 meter. Foto Ane Harestad.

Det er forbod mot all bruk av plantevernmiddelet på leikeareal til barn. Dette gjeld både yrkes- og hobby-preparat.

I hobbyhagar/private hagar og på stueplanter er det kun tillate med hobby-preparat.

## Døme på plantevernjournal

Norsk Landbruksrådgiving sitt forslag til plantevernjournal finn du som rekneark og pdf på [rogaland.nlr.no](http://rogaland.nlr.no). Journalen kan også førast i notatbok, på data eller andre skjema.

## Bruk plantevernjournalen

Verknaden av kjemisk plantevern kan variere. Svar på kvifor, kan ein ofte finne i plantevernjournalen. Der kan ein gå tilbake og finne notatar om utviklingstrinn, klima, dosering og andre

forhold under sprøyting som kan vere med og forklare kvifor behandlinga enten var vellukka eller kunne vore betre. Slik kan ein få hjelp til å få eit betre resultat ved seinare sprøytingar.

## Kontroll

Både kommunen, Mattilsynet og Kvalitetssystem i landbruket er kontrollinstanser for plantevernjournal.

## Kjelder og meir info

Forskrift om plantevernmidler. Mattilsynet sin "Veileder til regelverk om plantevernmiddelet".

## Døme på tiltak innan integrt plantevern

- Vekstskifte
- Plassering av kultur
- Val av resistente, konkurransesterke artar og sortar
- Friske småplanter/rein såvare/reinhald i kulturen
- Falsk såbed
- Drenering
- Tilpassa gjødsling/kalking
- Såtid/såteknikk/haustetid
- Samplanting/underkultur/jorddekke
- Dekking med fiberduk/insektnett
- Mekanisk og fysisk kontroll
- Biologisk bekjemping
- Kjemisk bekjemping



Ugrasharving er eit døme på integrert planteverntiltak. Foto Ane Harestad.

# Mange fordeler ved haustsprøyting

**Vårsprøyting gir best effekt mot ugraset, men det er mange andre forhold som gjer at haustsprøyting kan vere vel så aktuelt. Det aller viktigaste planteverntiltaket er likevel å sørge for at kulturplantene har gode veksttilhøve.**

**Mari Aker**  
NLR Vest

God agronomi er å sørge for god drenering, riktig pH, tilførsel av organisk materiale, la vere å köyre når jorda er for fuktig og bruke artar og sortar tilpassa klimaet, her kunne me ha laga ei lang liste. Dette vil gje sterke småplanter og ei tett og yterik eng som dekker bra mot ugraset.

Artiklar om plantevern vert ofte ei opprampsing av verknaden av ulike middel og samanlikning av desse. Dette vert ikkje noko unntak. Nettopp difor er det så viktig å understreke at det du legg ned av innsats og rette val for å få god jord- og plantekultur er viktigare planteverntiltak enn om du skal velje Spitfire eller Starane XL mot høymola!



*Det viktigaste planteverntiltaket er å sørge for god jord- og plantekultur. La vere å köyre når jorda ikkje er lagleg. Sorg for god drenering og rett pH i jorda. Kalke om nødvendig. Bruk artar og sortar som er tilpassa klimaet for å unngå vinterutgang. Sterke kulturplanter gir ei tett og yterik eng som dekker godt mot ugraset. Foto: Bart van Gool*

## Vårsprøyting gir mest avlingsreduksjon

Sprøyting set veksten i graset tilbake og vi får reduserte avlingar i kommande slått. Sidan graset er i best vekst om våren, vert også avlingsnedgangen størst når vi sprøytar om våren. For alle som ynskjer å maksimere grovfôrvavlina er dette sjølv sagt ikkje ynskjeleg. Haustsprøyting med rett middel og riktig dosering vil ikkje setje veksten attende neste vår.

Det er viktig å hindre frøspreiing og dette kan vere eit argument for å sprøyte tidleg i sesongen. I dei fleste tilfella slår vi derimot 1. slåtten så tidleg at ugras som høymole ikkje har utvikla spiremodne frø. I tillegg viser forsking at frø får dårligare spireevne ved lengre tids lagring i silo eller gjødselkum

Tek vi dette med i vurderinga, og i tillegg kanskje også at tida er knapp for bonden om våren, er haustsprøyting eit fornuftig tiltak når vi ynskjer å produsere mest mogleg og best mogleg grovfôr.

## Attleggssprøyting gir ei reinare eng

Sprøyting i attlegg vil føre til ei reinare eng og mindre ugras dei første åra. Likevel vil mengda ugras som kveke, tunrapp, høymole, vassarve og krypsoleie auke etter kvart og sprøyting vil vere lønsamt for å oppretthalde avlingsnivået og kvaliteten. Attlegg som

er laga etter 1. eller 2. slått bør også sprøytaast; enten same haust eller neste vår. Tidspunktet vert bestemt av utviklinga til plantane. For å sprøyte i attleget, bør graset ha eit par blad og kløveren minst eit trekopla blad.

## Best sprøyteverknad på planter i god vekst

For å få god verknad er det viktig, uansett kor tid i sesongen ein sprøyter, at planta er i god vekst. Rett sprøyttetidspunkt for, t.d. høymole er når planta har utvikla store bladkransar og planta startar å strekke stengel. Om ein skal sprøyte etter å ha teke to slåttar vil høymola sjeldan strekke stengel, men berre ha bladrosetten. Dersom du planlegg å ta ei sprøyting mot høymole no i haust bør du la det gå ca 3 veker etter siste slått for å få god effekt.

For at sprøytinga skal ha best mogleg effekt er det også viktig at veret og veksten er bra i dagane etter sprøyting.

Sjølv om det kjem ei frostnatt er det mogleg å sprøyte mot ugraset, men dersom det vert ein periode med frost vil veksten stoppe og ein vil ikkje få god nok effekt.

## Alli eller Starane XL om hausten

Mot høymole er det fleire middel å velje mellom. Om hausten vil Alli eller Starane XL vere førstevalet. Alli



*Vassarven spirer mellom såradene. Her må det sprøytaast. Foto: Mari Aker.*



# ting

50 ST/Ally SX kan brukast ved låg temperatur så lenge plantane er i god vekst. Verknaden vert ikkje påverka av regn etter sprøyting, så lenge sprøytevæska har tørka på blada. Starane XL inneholder to verksame stoff der det eine har god effekt også ved låge temperaturar. Andre aktuelle middel Starane 180/Tomahawk/Spitfire (same middel/ulikt handelsnamn), Harmony 50 SX og Grati.

Prisen er ein viktig faktor for val av preparat. Det aller billegaste er Ally 50 ST/Ally SX; her vert kostnaden berre ein fjerdedel samanlikna med Starane XL eller Tomahawk/Spitfire.

Nokre forsøk har synt at Tomahawk/Spitfire har betre effekt mot høymole enn Starane XL, men det er ikkje gjort forsøk der desse midla er samanlikna ved haustsprøyting. Starane XL har vist betre effekt mot krypsoleie.

Harmony og Grati (+ klebemiddel) er aktuelle høymolemiddel der du ynskjer å ta vare på kløveren. Harmony er i tillegg det beste midlet mot hundekjeks, men om våren vert Nu-farm Mekoprop tilrådd då Harmony kan vere litt tøff med graset. Om hausten er avlingsreduksjon eit mindre problem og Harmony blir difor tilrådd.

Mekoprop er eit middel som verkar «nest best» mot mange av ugrasartane vi ynskjer å bekjempe. Mot



Her er attleget sprøyta og vassarven i ferd med å gule. Haustattlegg kan gje utfordringar i forhold til at jorda bør vere lagleg for køyring. Her må ein vurdere om ein øydelegg meir enn ein vinn ved sprøyting. Foto: Mari Aker.

vassarve, gjetartaske og lyssiv har det god verknad, men det er ikkje av dei mest aktuelle midla når vi skal sprøyte seinhaustes. Mekoprop inneholder fenoksylsyre som kan gje litt dårlegare overvintring av graset. Det bør også vere nokonlunde høg temperatur om dette midlet skal brukast; 10-12 grader i minst 5-6 timer om dagen og ikkje minusgradar om natta. Det er stilt større spørsmål ved bruk av fenoksylyrer seinhaustes pga større fare for forureining, enn ved andre middel.

Mot eldre høymoleplantar med stor rot vil det vere nokre knoppar på røtene som overlever og desse vil setje nye skot. Om ein har mykje høymole i enga er det dermed ikkje nok med ei enkelt sprøyting, ein må fylge opp året etter.

## Brakking når kveka har minst 3-4 blad

Både forsøk og erfaringar tilseier god verknad av glyfosat både i september og oktober. Kveke er ei plante som avsluttar veksten tidleg og det er tilrådd at brakking skjer innan september for å sikre eit godt resultat.

Dersom du skal brakke eit areal er tidspunktet særskilt viktig. Brakkar vi for tidleg vil vi ikkje få god nok effekt på kveka. Kvekeplantene skal ha minst 3-4 blad når vi brakkar. På dette tidspunktet har plantene brukta opp mykje av opplagsnæringa i jordstenglane



Høymolerosett i eng som skal slåast denne veka. Vent med ei eventuelt haustsprøyting her til planta har vokse opp att etter slått; ca 3 veker. Foto: Mari Aker.

for å danne nye skot. No har planta tilstrekkeleg bladmasse til at den kan produsere meir næring enn den treng til vekst (gjennom fotosyntesen) og overskotsnæringa vil transporterast ned og lagrast i jordstenglane. Om vi derimot brakkar for tidleg er det fortsatt ein del opplagsnæring att, sjølv om vi tek livet av det som har spirt. Denne opplagsnæringa vert så brukt for å lage nye skot og sprøytinga vil vere bortkasta.

Om hausten bør det gå 14 dagar frå sprøyting til jordarbeidning. Ein treng ikkje vente lengre.

- Det som ikkje har skjedd innan 14 dagar kjem heller ikkje til å skje, seier Ole Sigvard Dahlen, produktsjef plantevernmiddel i FK Agri.



Eit attlegg nokre veker etter sprøyting - slik vi ynskjer det skal sjå ut. Foto: Mari Aker.

## Kor seint på hausten kan ein sprøyte?

Det er to grunnar til at ein ikkje kan vente for lenge på hausten med å sprøyte: Det kan verte for kaldt/korte dagar til at vi har god vekst og at plantevernmidlet ikkje verkar skikkelig ved låg temperatur. Som de ser er det umogleg å seie ein dato for siste frist for sprøyting, då det kjem an på ver og vekst den aktuelle hausten.

## Ugraskamp på beite

På beite er det viktigare at vi tek

ugraskampen gjennom heile året på grunn av frøspreiing. Det er viktig at planter som vert vraka av beitedyra ikkje får stå og frø seg.

På intensive beite, der ein kan køyre traktor og bruke åkersprøyte bruker ein same opplegg som i eng; pass på at behandlingsfristen ikkje kjem i konflikt med beiting.

Uelnde beite krev ein større arbeidsinnsats; ryggsprøyte, handlukking, hakking eller ryddesag. For bekjemping av tistel og høymole bør ein vere tidlegare ute, men kanskje kan du plukke inn nokre høymoleplantar der frøa enno heng på. Brenn i så fall desse. Neste års tistlar; dvs dei som i år berre har ein rosett kan sprøytast eller hakkast vekk no.

Bringebærkratt kan bekjempast ved slått fleire år på rad. Dersom du vil bruke plantevernmiddel er Starane 180/Spitfire/Tomahawk i stor nok

dose det rette midlet. Ein kan sprøyte så lenge bladverket er grønt. Gratil er beste midlet mot einstape, men det har også god effekt å slå planta med ljå eller ryddesag; helst to gonger per år.

### Nedbryting av plantevernmiddel går seinare om hausten

Rester av plantevernmiddel som ikkje vert teke opp i plantane, vert brote ned i jorda. Det er mikroorganismar i jord som står for nedbryting. Mikroorganismane har høgast aktivitet når jordtemperaturen er høg. Ved sprøytning sein om hausten vil det dermed vere større fare for utvasking av restar av plantevernmiddel til vatn og vassdrag.

### Kjelde:

Lars Olav Brandsæter, 2009  
[http://www.bioforsk.no/ikbViewer/page/forside/nyhet?p\\_document\\_id=54405](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/page/forside/nyhet?p_document_id=54405)



Tistelrosettar kan hakkast eller sprøytast no. Tistlar som vi har på beita er oftast toårige; dvs dei set rosett første året og strekker stengel og sett frø andre året.

# Spar tid ved å notere direkte på mobilen

**På mobilen kan du gjøre unna registreringar med ein gong. Det finst programvare som gjer det mogleg å samle alt på ein plass.**

**Mari Aker**  
**NLR Vest**

Å få gjødslingsplanen (skifteplan) på mobilen tek deg nokre minutt etter at du har fått tilsendt innloggingskoden fra rådgjevar. Dette er ein innsynsversjon som kan brukast for å sjå husdyrgjødsel- og mineralgjødselmengder på kvart skifte.

Først må du ta kontakt med landbruksrådgivinga for å be dei sende deg kode til innlogging. På det same arket finn du oppskrift på korleis du finn appen og korleis du lagrar denne på telefonen. Etter innlogging kan du klikke deg inn på skifta på garden og sjå planlagd gjødsling.

Dersom du ynskjer å notere i skifteplan på mobil kostar dette 400,- per år. Det er ikkje naudsynt å ha skifteplan på eigen PC, det held at rådgjevaren din har skifteplan. Du bestiller sjølv lisens frå skifteplan på mobilen.

Du får no moglegheit til å notere opplysningar om såmengde, husdyrgjødsel og anna arbeid.

Ein av funksjonane er at du kan føre inn opplysningar om sprøytning. Du legg inn opplysningar i felta nedover i skjermbildet. Dette stetter krava til plantevernjournal. Dersom du sprøyer fleire skifte kan du med nokre få tastetrykk kopiere det du har notert til dei andre skifta. Det er mogleg å skrive ut planteverndokumentasjon, men då må du kontakte rådgjevar og få han til å sende denne på e-post.

Skifteplan på mobil ser ut til å vere eit nyttig verktøy. Bønder har gitt tilbakemelding om at dei saknar moglegheita for å sjå alle noteringar som er gjort på kvart skifte i same år

*Skifteplan på mobil ser ut til å vere eit nyttig verktøy*

(gjødslingsmengde, avlingsregistring osv).

Kanskje Agromatic kan lage til ein rapport i skifteplan, tilsvarande det som no kallast skiftehistorie, der alt som er notert kjem med?



# Egne utfordringer i fokus på Grovforskolen

**Vi som rådgivere stiller oss litt i bakkant og er med som tilretteleggere og kommer med noen innspill underveis.**

**Josefa Andreassen Torp**  
NLR Agder

Grovforskolen er et nytt rådgivingstilbud som startet opp i vinter i Agder. Dette er et opplegg hvor vi treffes på de ulike deltakerne gårder og ser på deres utfordringer, og de andre deltakerne kommer med forslag til tiltak som kan gjøres. Vi har startet opp tre grupper med til sammen 15 deltagere.

## Sammenspleiset gruppe

Den ene gruppa i Agder består av seks bønder, med et alderspenn fra 20 – 50 år. Gruppa består av Magnus Seland, Frode Borø Svaland, Arnstein Øyslebø, Svein Gunnar Simonsen, Tellef Hodnebrog, Bjørn Arild Stea og rådgiver Josefa Andreassen Torp. Gruppa har møttes omtrent annenhver fredag siden slutten av mars og har blitt en svært sammenspleiset gruppe. Det er alltid god stemning når gruppa møtes, snakken går lett og det ene rådet etter det andre blir framlagt. Flere har allerede satt i gang tiltak på gården og er veldig motiverete for sitt arbeid. Svein Gunnar sier dette om Grovforskolen: – Når alle kommer hjem til meg, så skjønner de virkelig hva jeg prater om, og hva mine utfordringer er. Og å få denne gruppa på besøk, er som å få seks rådgivere på besøk.

## Møtene

Fredag 27. mai hadde gruppa møte hos Bjørn Arild Stea, som bor i Søgne. Dette var møte fem av seks som var planlagt før sommeren. Flere av deltakerne har horisontalfres med såaggemat, og denne maskinen er



Diskusjon om pløyeteknikk.

blitt diskutert på flere av møtene. På dette møtet ble den også diskutert hvor Bjørn Arild hadde brukt den i et gjenlegg, hvor halve jordet var pløyd først og den andre halvdelen bare var frest. Alle var enige om at gjenlegget var finest og hadde minst ugras når jorda var pløyd først og diskusjonen gikk videre på pløyeteknikk. Videre ble det diskutert planteverntiltak og gjødsling. Møtene bygger på at bøndene skal dele kunnskap og erfaringer som kan være nyttig for de andre, og det er utrolig fascinerende for meg som rådgiver og høre på alle de gode rådene bøndene selv kommer med. Alle rådene som blir presentert og diskutert blir skrevet i referat som blir sendt ut kort tid etter møtet.

– Vi får en forståelse for hvilke utfordringer de andre har, selv om vi er i samme bransje. Vi må tilpasse oss de ressursene vi har. Og vi lærer utrolig mye når vi står midt oppi det, mener Arnstein.

Frode er inngiftet på konas gård i Birkenes og har blitt kastet ut i bondeyrket uten utdanning. Han sier at Grovforskolen er «den beste måten å lære på. Jeg får den kunnskapen jeg trenger for å ta tak i mine utfordrin-

ger. Samtidig er det godt å se at andre også har lignende utfordringer som meg.»

Møtene varer i ca. tre timer og alle har med matpakke og vi spiser lunsj sammen underveis i møtet. Stemminga blir alltid litt ekstra god hvis verten kommer med kake. Til høsten skal gruppa treffes igjen på alle gårdene og diskutere tiltak som er blitt gjort og eventuelt andre tiltak som bør settes i verk.

## Grovforskolen for alle

Grovforskolen er et prosjekt som er støtte av sentrale KIL-midler (Kompetanseutviklingsprogrammet i Landbruket) og er også et samarbeidsprosjekt mellom NLR Agder og NLR sentralt. Grovforskolen bygger på det danske konseptet «Staldskoler», som har gitt gode resultater for bøndene i Danmark. Når prosjektet er gjennomført vil vi utvikle en mal for gjennomføring av Grovforskolen som kan benyttes av alle rådgivingsenheter i NLR. Grovforskolen har til nå vært svært lærerik både for bønder og rådgiverne også, og dette blir et tilbud vi vil fortsette med framover.

# Førebuing til husting av lagringspoteter

**Tørråten har vore aktiv i mange potetåkrar i sommar. Smitten kan gå over på knollane og gje dårlig kvalitet utover i lagringsperioden om ein ikkje gjer dei rette tiltaka før husting og innlagring.**

Sigbjørn Leidal, NLR Agder  
Arne Vagle, NLR Rogaland

Det fuktige veret i juli og utover i august gjorde at det kom mykje tørråte på bladverket i mange potetåkrar. Så lenge potetene er godt hyppa treng det ikkje ha kome smitte på knollane enno. Det er først i samband med husting at faren er stor for at tørråtesporane kjem i kontakt med knollane og vil kunne øydelegge kvaliteten.

God vekstavslutning, skånsam husting og effektiv oppturking vil kunne berge kvaliteten, sjølv om det har vore litt tørråte på bladverket.

## Vekstavslutning

Når riset visnar forsvinn livsgrunnlaget for tørråtesoppen og sporane mister etterkvart evna til å kunne smitte knollane ved husting. Svimidlelet Reglone er effektivt ved rett bruk. Frå riset er skikkelig visna bør det gå minst eit par veker før husting for å være på den sikre sida. Er riset svært høgt og kraftig vil to sprøytingar ofte vere nødvendig. Kombinasjon med risknusing og ei sprøyting vil og kunde gje god verknad.

## Huste på grønt ris?

For lagringspoteter er det alt for risikabelt å huste på grønt ris dersom det er aktiv tørråte i åkeren. Sjølv i åkrar utan tørråte, er det gode grunnar til å avslutte veksten med svimiddel. Framfor alt vert det enklare å oppnå den ynskte storleiken på knollane. Vekstavslutninga vil og gje eit betre skall på potetene og dermed



Forsøksfelt. Verknad etter 5 dagar, av ei sprøyting med 300 ml/daa Reglone.

Foto. Sigbjørn Leidal

betre lagringsevne. Sist, men ikkje minst, vil sjølv hustinga gå lettare.

Det ein skal vere merksam på er at Reglone ikkje har særleg verknad på sjølv modninga av knollane. Har åkeren vorte gjødsla for kraftig, eller hatt for dårlige veksevilkår gjennom sesongen, kan tørrstoffet vera for lågt sjølv om knollane er store nok til føremålet. I slike høve må ein late åkeren vekse nokre dagar til og vente til tørrstoffet vert høgt nok før ein svir med Reglone.

## Skånsam husting

Hjå oss vert det sjeldan eller aldri for tørt ved husting av lagringspoteter. Veret rår ein ikkje over, men ein kan ta eit val om å avslutte veksten slik at ein kan starte med hustinga tidlegare enn det som gjev den maksimale avlinga i tonn per dekar. Sein husting betyr vanlegvis våtere og kaldare jord og dermed meir problem med mekaniske skader, sjukdomar og dårlagare lagringsevne.

Når det gjeld husting, er det dessverre framleis slik at mykje god potet vert øydelagt under opptak. Feil innstilling på opptakaren og feil kjøreteknikk er årsak til mange små og store mekaniske skader. Desse er igjen inngangsdør for lagersjukdomar.

Mykje jord med inn i opptakaren er viktig for å motverke skadar, og bruk ristinga på belta i minst mogeleg grad.

Stopp reinseverket i maskinen så fort fåra er slutt og lat det stå mens ein snur for å hindre at poteter vert liggande å rulle på belta. Sjå nøyde gjennom opptakaren og utbetre punkt der potetene kan få skadar. Falldemping i haustaren og ved handteringa etterpå er og eit godt skadeførebyggande tiltak. Ta ut og vask nokre kilo med potet med jamne mellomrom for å granske om hustinga er skånsam.

## Oppturking og sårheling

Både tørråtesoppen og dei fleste andre lagringssjukdomane treng fuktighet for å utvikle seg. Rask oppturking av knollane etter husting er eit viktig tiltak for å betre kvaliteten og lagringsevna til potetene. Kasser med settepoteter kan med fordel stå ute i sol og vind og tørke godt, mens både matpoteter og industripoteter må inn i mørke lager for å hindre grønfarging. Det enkle prinsippet om at kalde poteter inn på varmt lager gjev kondens og grobotn for sjukdomar gjeld framleis.

Varme poteter inn på kalde lager fører til oppturking, men temperaturen må ikkje vere så låg at sårhelinga vert hindra. Ulike former for tvangsentilering gjennom kassene er det sikraste måten å tørke potetene raskt, men det må ikkje brukast meir luft enn nødvendig då dette kan gje utturking, vekttap og dårlagare lagrinsevne.



# Den vesle tua og det store lasset...

«Lita tue kan velte stort lass» - det veit vi. I landbruket har vi kvart år altfor mange «velta lass» i form av høge skade- og ulukkestal, og slik har det vore lenge. Sjølv om talet på bønder minkar, er mengda av alvorlege ulukker stadig høg. Kvifor er det slik? Kva må til for å snu dette? Kven kan snu dette?

**Kolbjørn Taklo**  
**Seniorrådgjevar HMS**  
**NLR Vest**

Truleg er det berre bøndene sjølve som kan snu dette, og få redusert skade- og ulukkestala. Det finnes mange heilt konkrete tiltak som ein kan gjera, men det krev planlegging, førebuing og vekt på detaljar i dei einskilde arbeidsoperasjonane på garden.

I Bygdeforsk sin presentasjon av rapporten om ulykker og arbeidsmiljø i landbruket, 2013, gjer ein denne oppsummeringa:

«Uoppmerksomhet, hastverk og det at man tok en unødig sjanse er de grunnen som bøndene selv oftest oppgir som årsak til at ulykken inntraff. Dette kan tyde på at det er få konkrete tiltak man kan sette i verk for å hindre at ulykker skjer. Når bøndene blir spurta om hvilke tiltak de har satt i verk etter en ulykke er større aktksamhet det tiltaket som desidert oftest nevnes».

## Førebuing og planlegging

Les alltid bruksrettleininga ved kjøp av maskiner og utstyr og føl dei tilrådiniane som står der. Få oppplæring av den du kjøper av, det kan og vere lurt når ein kjøper brukt utstyr. Hugs at alle vern over akslinger, tohandsgrep og nødstoppar er der for å verne deg mot skade. Det er mogeleg at ein av og til utvida vernet for å få plass til å kople, men vern må aldri fjernast. Ha som mål at all farleg reiskap skal vere sikra før bruk.



Belte reddar liv, også på traktor.

## Risikovurdering og rutinar

Vurder risiko utifrå eiga erfaring, bruksrettleininga for maskina og det arbeidet du skal utføra. Lag ut frå dette faste handlingsmåtar for korleis du og andre brukar maskinane og arbeider på ein tryggast mogleg måte.

## Nokre døme:

La aldri slåmaskin, fôrhaustar eller rundballepresse vera i gang når du er utanfor traktoren. Hugs tryggleiksavstand. Stig aldri av traktoren før kraftoverføringsaksling og roterande reiskap er stogga. Gå aldri ned i silo med fulltømar før du har sett på silovifta, kopla frå straumtilførsle og låst brytar i

0-stilling. Bruk aldri motorsag eller anna handreiskap utan påkravd verneustyr. Ver nøyne med rekktverk og sikring på stillas, rundt opne kummar og förluker. Lag eit lett-lok der som det blir slurva med å legge på tunge lok eller luker.

## Når oppstår ulykkene?

Uoppmerksomhet, hastverk og unødige sjansar er bøndene sine eigne forklaringar på ulukker. Ulukker skjer aldri når det passar. Det skjer når du ser bort, når du skal skunde deg og slett ikkje har tid til noko ulukke. Og det skjer når du strekkjer deg akkurat litt for langt. Det heng saman. Og du kan gjere noko med det.

Får du nok sovn? Passar du på å ete og kvile regelmessig? Har du eit fornuftig kosthald? Gir du deg i tide, eller skal du berre ta eit lass til, berre

litt lenger opp i bratta? Brukar du sebelte? Har du prøvd å ha hastverk når du skal flytte dyr?

## Om tuer og lass

Det blir sagt at vi har for lite informasjon om ulykker og skader og tilløp til ulukker i landbruket. Men de som er bønder veit det, og kan gjere noko med det. Det handlar om å fjerne alle dei små tuene som kan velte «lassa» dine, men det handlar og om å tilpassa storleiken på- og sikre lassa slik at dei ikkje veltar så lett. Det handlar om å ta vare på liv og helse i kvardegen på garden. Og kva er vel viktigare enn det.

Opne presser kan vere reine rottefella.  
 Har du sikra?



# Tydeleg og uredd

**- Det er betre å ha ei meining og ta feil, enn å ikkje å meina.**

**Liv Kristin Sola**

Orda kjem frå Anders Felde (45), fylkesleiar i Sogn og Fjordane Bondelag. Mannen som snakkar engasjert, med stor overtyding og med heile seg.

## Mange jern i elden

Sola smilar til landbruksbygda Byrkjelo denne dagen. Karane i Felde Samdrift er akkurat ferdig med matpausen. Mat med utsikt får ei heilt ny meinings. Frå fjøset ser dei ut over store delar av den grøne bygda.

- Eg likar å kalle det for landbrukets indrefilet, noko av det frodigaste mellom Jæren og Trøndelag, seier bonden.

Kyrne vandrar mellom fjøset og beitet. Fjøset er ikkje optimalt med tanke på beiting, men fungerer mykje betre enn dei frykta.

- Fordommane våre vart kraftig motbevist, seier bøndene.

Å la vere å prøve er ikkje deira stil. Skal dei utvikle drifta, må dei utfordre seg sjølv. Det same gjeld i landbrukspolitikken. Skal det skje endringar, må bøndene utfordre seg sjølv og kvarandre.

Samdriftspartner Per Asbjørn Felde, beskriv Anders som ein mann med mange ballar i lufta og med ein enorm arbeidskapasitet. Anders karakteriserer seg sjølv som ein "90 %-type".

- Eg likar å gjere ting fort og gjere mange ting om gongen. Det hender nok at ikkje alt vert fullført. Der er Per Asbjørn mykje flinkare. Han har auge for detaljane, seier Anders.

## Sterkt engasjement for fylket

Fylkesleieren snakkar aller helst om Sogn og Fjordane, om Vestlandet, om levande bygder og eit aktivt landbruk. Han snakkar mindre om seg sjølv.

- Eg har alltid vore politisk interessert. Eg er oppteken av å oppretthalde busetting og produksjon i heile fylke og innafor alle type produksjonar.

At han valde bondelaget framfor politikken, var mykje fordi landbruket er ein av dei viktigaste bærebjelkane for levande bygder og attraktive buminjø.

- Eg er oppteken av at me skal klare å oppretthalde volumet både

på mjølk og sau, og samstundes auke produksjonen spesielt på ammeku, frukt og bær. For å lukkast, må me jobbe for å sikre målretta politiske verkemiddel for landbruket, også i vårt distrikt, seier fylkesleieren.

## Ønskjer framoverlente bønder

Anders problematiserer dei målretta verkemidla, og understrekar kor viktig det er å henge på når toget går, ikkje tenke seg om for mykje og for lenge, og miste moglegeheiter og tilskot. Bønder er bedriftsleiarar, og må henge med når rammevilkåra vert endra.

- Her i fylket har me ein tendens til å koma på banen litt for seint. Me får med oss etterdønningane meir enn oppturen, seier Anders.

Han er tydeleg på at alle har ansvar for å utvikle sin eigen gard. Bondelaget kan jobbe for å sikre gode rammevilkår for fylket, men folket er garde sin viktigaste ressurs.

## Optimist av natur

- Eg er optimist, på grensa til naiv. Går på med godt mot, fordi eg har tru på at me kan endre ting. Eg vil prøve og heller feile, enn aldri prøve. Det gjeld både i fjøset og elles. Eg har alltid trua, før det motsette er bevist.

Anders kan ha dårleg samvit. Kjenne på at han ikkje strekk til. Oppleve svevnlause netter når mykje står på. Fylkesleieren nemner importvernet, marknadsordningane, jordbruksavtalen, eigedomspolitikken. Dei fire bærebjelkane er under stadig press, spesielt med dagens regjering.

- Me kommuniserer godt med politikarar i alle parti, på alle nivå. Alle hører, men me når ikkje fram til alle. Ikkje alle vil ta imot kunnskap og informasjon.

Anders vert skuffa når folk ikkje vil høre. Spesielt frustrert er han over at diskusjonen rundt behovet for investeringar i landbruket, stagnerer.

- Når staten legg 1 krone på bordet, gir landbruket 4-10 kroner attende. At det skal vere så vanskeleg å forstå, sukkar fylkesleieren.

For Anders skal det lite til å snu nedtur til nytt pågangsmot. Ei samling kan hjelpe, konstruktive tilbakemeldingar, eller berre det sosiale i møte med andre bønder.

## Familien er haldepunktet

Anders er glad i folk, og trivst der bønder møtes. Men etter eit par dagar vil han gjerne attende til familien og til fjøset. Han legg ikkje skjul på at engasjementet går ut over samdriftscollegaen og kona.

- Eg er velsigna med ei fantastisk kone. Eg prøver å beskytte kveldar og helger. Etter travle periodar, prøver eg å vere litt rausare med tid, og vere ekstra mykje til stades, helst utan mobiltelefon, seier familiefaren.

Familien Felde er glad i friluftsliv og turar i fjellet, sommar og vinter, spesielt ski og alpint. Familien har to veker sommarferie. Det viktigaste er å vere i lag.

- Skulle eg vald sjølv, ville eg gått ei heil veke frå hytte til hytte i fjellet. Den andre veka skulle vore ein stad med badetemperatur. Då snakkar me 20 grader pluss, flirer bonden.

Anders innrømmer at vernet som fylkesleiar krev mykje tid.

- Eg må halde meg oppdatert, lese mykje og sette meg inn i aktuelle saker. Eg må alltid vera klar til å gi kommentarar på kort varsel.

## Ambisjonar vidare

Anders blir motivert av ein praktisk og allsidige arbeidsdag, av fysisk arbeid og arbeid med dyr.

- Som idrettsadministrator vart eg utsliten i hovudet. Som bonde bruker eg både kroppen og hjernen.

Fylkesleieren er målretta og konkret. Kan hende kjem det frå hans bakgrunn i idretten. Men han er ingen individualist, heller ein lagspelar.

- Eg er ikkje fylkesleiar for å samle tillitsverv, men for å kjempe for det eg har tru på. Så lenge eg har forankring i styret, og bøndene har tillit til meg og jobben eg gjer, vil eg fortsette.

Anders har ikkje ambisjonar om å klatre høgare i organisasjonen, i alle fall ikkje nå. Han er først og fremst bonde, med eit sterkt frivillig engasjement innafor ulike aktivitetar, lokalt i bygda og regionen.

Landbruksmeldinga, miljøspørsmål og stortingsval, fylkesleieren jobbar for å sikre regionen sine interesser på nasjonalt nivå. Han ønskjer fleire representantar frå fylket inn i sentrale posisjonar og tillitsverv i organisasjonane.

*- Utfordringane står i kø.  
Sogn og Fjordane skal  
vere synlege og tydelege  
i diskusjonane,  
lover Anders Felde.*



### **Anders Felde**

- Gift med Kristin Daling Felde.
- 4 barn frå 16 til 8 år.
- Idrettsutdanning frå vidaregåande, og idrett og idrettsadministrasjon frå høgskulen.
- Tidlegare idrettsadministrator i Sogn og Fjordane idrettskrets.
- Agronomutdanna.
- Ein av to aktive medlemmar i Felde Samdrift: 615.000 liter mjølk, 60 mjølkekryr, framföring av eigne oksar, 550 dekar dyrka jord og 200 dekar beite.

# Framtidsbøndene

**Ida Løken (21) og Jørgen Anda (22) meiner kunnskap om agroøkologi og global matproduksjon er viktig for dei som vil ha ei framtid i landbruket.**

**Ingeborg Tangeraas**  
Frilansjournalist

Ida Løken og Jørgen Anda vil gjerne drive gard og bli bønder. – Agronomi er jo det mest spennande som finns, strålar Ida. – Tenk kor mange muligheter me har med garden som utgangspunkt; Matproduksjon, kulturlandskap og skogbruk, Inn på tunet-tenestar og mykje handbåren kunnskap. – Kanskje blir det geitehald i ei fjellbygd, ser ho spørjande på Jørgen som nikkar. – For meg er det viktig at me er til nytte, skyt han inn. – At me tar vare på både kunnskap og natur, og at me lærer oss noko nytt. Det er ennå mykje kunnskap me



Kunnskap er nøkkelen. Ida og Jørgen på skule- og 4H-besøk i fjelllandsbyen Marangu.

må tilegne oss for å drive mest muleg sjølvforsynt. Eg vil til dømes lære meir om maskinfag, hovslagarfag og ikkje minst få meir kunnskap innan agroøkologi. Det blir nok ei livslang læring, smiler Jørgen.

## Barnelærdom og utdanning

Sin unge alder til trass, har Ida og Jørgen allereie meir kunnskap og praksis enn dei fleste. – Som barn ville eg alltid vere på garden der mormor og morfar budde i Sunnfjord, minnes Ida. – Livet der freista meir enn både Legoland og Syden. Med ei mor som arbeidar med jordskifte og stefar som driv gard, blei ho sterkt knytt til både garden, dyra og arbeidsoppgåvene der. Trass si store interesse for dans, og at ho blei vegetarianar i ung alder, blei naturbrukskulen førstevalet - Eg gjekk agronomen på Mo, men det var først då eg kom til Sogn Jord- og Hagebrukskule i Aurland at eg såg alle lysa, ler ho. - Det var strålende kjekt å få innsikt i økologiske tenkemåtar og møte andre studentar og lærarar som delte mitt verdisyn.

## Slepp barna til

Jørgen fekk også tidleg kunnskap om bondelivet. -Eg har alltid vore med i arbeidet heime på garden på Randa-

berg, utanfor Stavanger, fortel han.

– Garden blei lagt om til økologisk drift i 2000, og ein del av mjølka blir levert til ysting lokalt. Då eg kom til Sogn Jord- og Hagebrukskule møtte eg ein skule som passa til mine verdiar og interesser. Tidlegare gjekk eg på naturbrukskulen i Lyngdal. Det var også lærerikt, men skulen i Aurland var for meg, meir relevant, meiner Jørgen. – Då eg i tillegg møtte Ida gjennom Natur og Ungdom og me begge var med på å starta Miljøpartiet Dei Grøne, blei Aurland ein endå viktigare del av livet mitt, smiler han breitt.

## Sogn Jord- og Hagebrukskule i særklasse

Ida og Jørgen er einige om det var ein stor overgang frå dei andre landbrukskulane til Sogn Jord- og Hagebrukskule og forklarar det slik; - Aldersspennet på elevane var større og dei var generelt meir engasjerte, noko som også gav betre sosial læring. Lærarane var særskilt kunnsapsrike, og det var stor breidde i både kulturell og fagleg bakgrunn. I tillegg til å vere levande opptatt av faga sine, levde lærarane slik som dei underviste, noko som ga dei stor truverd, meiner Ida og Jørgen. Dei minnes mange gode politiske diskusjonar og vektlegg at lærarane var gode på å legge fram sakene på ein objektiv måte som førte til at elevane måtte gjere sine eigne refleksjonar og ta



*Ida Løken og Jørgen Anda meiner studieturar og møte på grasrotnivå er ein glimrande måte å få mykje kunnskap.*

*Ida og Jørgen studerer tørking av kaffibønner i landsbyen Nkoranga. Kaffen er økologisk dyrka og er sertifisert gjennom Rettferdig handel.*

stilling til utfordringane dei fekk. På Sogn Jord- og Hagebrukskule var det også mykje praktisk undervisning. – Me lærte ysting, slakting, brygging, foredling, dyrestell, kulturlandskapspleie, kompostering og mykje anna praktisk kunnskap. Dette var eit godt utgangspunkt for at me begge kunne finne arbeid på gardar rundt om i landet, slik at me fekk meir allsidig arbeidserfaring, forklarer Ida.

### **Jobb og reise i Tanzania**

På Sogn Jord- og Hagebrukskule var det ofte eit globalt perspektiv på konsekvensane av korleis vi driv landbruket her i landet.

– Bøkene til Helge Ingstad inspirerte meg til å sjå meir av verda, fortel Jørgen, men reiselysta mi har vel endra seg i retning av global matproduksjon.

– Då me fekk invitasjon til å bu og arbeide på Ståle Anda sin barnehjem i Tanzania, blei Ida og eg raskt einige om at me ville ta denne reisa i lag. Ståle er søskenbarnet til Jørgen sin far, og har vore engasjert i bygdeutvikling og bistandsarbeid sidan han var fredskorpsar på 80-talet. Han bygde ein barnehjem der mange av barna er funksjonshemma, og Ida og Jørgen fekk i oppgåve å utvikle hønsehaldet og etablere kjøkkenhage for å auke sjølvforsyninga.

– Det er meiningsfullt arbeid å hjelpe barna her, meiner Ida.

– Dei skal også få lære mest mulig om å ta seg av dei praktiske arbeidsoppgåvene sjølve. Mange av barna her kjem frå ulike masaifolk i regionen.

– Dermed får me lære om deira kultur og livsvilkår, i tillegg til å lære meir om afrikansk landbruk.

### **Studietur ved Kilimanjaro**

Før arbeidet på barnehjemmen vart Ida og Jørgen med på ein studietur i regi av internasjonalt utval i Småbrukarlaget. I ei lita veke reiste dei rundt i Kilimanjaro-regionen for å møte bønder, sam-



virke, kaffiprodusentar, studentar og grasrotorganisasjonar. Jørgen meiner han fekk fjerna nokre fordommar på denne reisa. – Eg trudde vel dei fleste her hadde nok med seg sjølv og sin eigen kvardag. Så møter eg heile tida unge og eldre folk som er så kunnskapsrike, reflekterte og på mange område har meir kunnskap enn oss. Dei diskusjonane me har fått med oss på gardsbruka og på samvirkeuniversitetet her, er det sjeldan å oppleve heime. Ida følger opp. – Eg har hatt mange og lange samtalar med ungdom her. Det gir meg stor framtidstru å møte bønder som er ivrige til å diskutere bærekraftig økologisk landbruk.

### **Samvirke fungerer**

Både Ida og Jørgen er imponert over korleis samvirke fungerer i Tanzania.

– Eg ser jo at staten sviktar og at korupsjonen er eit stort problem, men her er det faktisk samvirkerørsla som tek ansvar, meiner Jørgen. - Folk har vilje til å leve godt i lag og løyse utfordringar, meiner Ida. Eg set stor pris på å sjå mangfaldet i matproduksjonen, at folk reparerer og er flinke til å utnytte ressursane. Her får dei til mykje med samarbeid der det skortar

på ressursar. – Når det er snakk om utanlandske investeringar her, er det helst storkapitalen som investerer i agrobusinessen, hevdar Jørgen. Mangl på statleg ansvar og styring legg landet opent for investorar som ikkje nødvendigvis kjem folk flest til gode. – Kvifor er det så få som investerer der kunnskapen og erfaringane ligg; i mangfaldet på familielandbruka?

### **Lærdom frå den store verda**

Ida og Jørgen vil gjerne reise meir. -Eg var i Tanzania saman med foreldra mine i 2012, fortel Jørgen. – Det var eit positivt førstemøte med afrikansk kultur, men det er nok meir lærerikt å reise slik vi gjer nå, meiner han. -Det å reise rundt på landsbygda med nokon som har vore her lenge er ein supereffektiv måte å lære på, meiner Ida. – Eg er ikkje tvil om at utdanning er nøkkelen, både i Tanzania og hos oss, seier Jørgen. – Å møte folk, arbeide i andre land og vere litt meir enn turist gir lærdom ein ikkje kan lese seg til, men det er minst like verdifullt. På lista over Ida og Jørgen sine felles reisemål står Peru, Nepal og Cuba. - Heilt andre land enn Norge, men folka der har utan tvil mykje å lære oss, og vi har mykje å lære, er dei unge bondespirene einig om.



*Samvirkerørsla står sterkt i Tanzania.*

*Her får Ida, Jørgen og representantar frå Småbrukarlaget orientering om det nasjonale kaffisamvirket som starta opp i 1898.*

# Ein av "gutta"



Det er mogleg, når ein kikkar i spegele, at ein hugsar ting på ein subjektiv måte. Minnet er i alle høve farga av den personlege opplevelinga av hendingar som har skjedd.

Eg vart ikkje fast sommaravløysar på Kåda før eg var tolv. Då eg var ti og elleve, var det enno plass til å vera born, til å gå og sviva og laga pil og boge, og verte heilt indianar i hovudet. Det ligg mykje fridom og uskuld og lengt i minna frå somrane i barndommen. Og i å synga av full hals til Radio av Stavangerensamblen.

Då eg var ti år, fekk eg feriekompisar. Det var stort, for det var langt mellom leikekameratene på Randøy. Kompisane heitte Kristian og Rune, og foreldra deira leigde eit lite raudmala sommarhus på nabogarden; eit sommarhus av det spartanske slaget, med innlagt kaldt vatn og *udedridar*. (Ikke som det me leide i Danmark i sommar, med badstu og innandørs symjebasseng.)

Nokre av dei finaste sommarminna eg har, er frå somrane med desse brørne frå Storhaug. Eg brukte ete frukost hjå dei, og faren snakka all-

tid om 'oss gutta'. Og eg var òg ein av *gutta*, og det lukta kaffi og rista brød med jordbærstøytetøy, og ute skein sola. Eg trur ikkje at Dan, som faren heitte, forsto kor stort det var for meg å vera ein av *gutta*.

Og etter at me hadde ete, skulle me ut og fiska i ein femten fots trebåt, med 7,5 hestars Mercury. Og sjøen var kjøleg og herleg, og oppi båten sat me - *gutta* - som reiste til Skartveit for å handla daglegvarer og bensin, og etterpå reiste me ut til ei hemmeleg seiegrunne for å fiska. Tre snører ut i sjøen. Blanke slukar og fargerike gummimakkar, som gleid lydlaust ned i vatnet. Dersom me var på rett plass, så skulle me sjå eit drivhus på den eine sida, og halve utedassen til Groven på den andre.

Eg fekk mest aldri fisk - bortsett frå éin gong då eg fekk fem makrellar på ein gong. Det var så tungt å dra at eg måtte ha hjelp, og opp frå det stille mørket kom dei, og dei nykte som besett. Då dei kom oppi båten, var det mayhem og blod og sprekkende makrellar og snøret i ein uløyseleg vase, og hjarta mitt som hamra som ei diger tromme i brystet.

Å dra heim igjen frå sjøen med fem fiskar i ein hank av *streng* - heim til mor - som eigentlig bare var måteleg begeistra for makrell - det var òg fint. Gutta hadde fått fisk. Resten av sommaren var me indianarar med pil og bøge og kniv, og væpna med inntørka sauelort, angrep me naboungane (som var betydeleg yngre enn oss), med skrik og hyl og rask tilbaketrekning, for å unngå vreiden til foreldra deira.

Og når Kristian og Rune og Dan reiste heim til byen, og sommarhuset sto tomt igjen, var sommaren over. Og eg har vel aldri kjent meg meir aleine enn akkurat då. Eg gjekk og lengta og gledde meg til neste sommar, til den gule bobla skulle koma og parkera utanfor sommarhuset og *gutta* skulle eta frukost og dra ut og fiska igjen.

Då eg vart tolv eller tretten, var det slutt. Eg vart meir og meir *lannas*, og dei vart meir og meir *byasar*: Dei fekk ein Siddis trippel 3, som gjekk styggfort, og eg vart gåande å slå tistel og stå i siloen heile sommaren.

Haren



### Sveinar Vadla

36 år

Gift med May Sissel.  
To søner, Sondre og Simon.  
Driv gard med mjølk,  
kylling og sau i Årdal,  
Rogaland.



# Gode hjelperar

«Ka ti ska me ha sommarferien i år?»

Rundt juletider kjem dette opp i familirådet. Me hadde tidlegare snakka om å leige ein segbåt i varmare strøk no som me hadde sold vår eigen.

Eg har ein lapp som heng på skjermen ved datamaskinen, det er eit notat frå eit foredrag kor Arve Vignes poengterte at det er ganske enkelt å planlegge våren og sommaren til ein grasproduserande bonde. Du må vera heime og klar til aksjon ved 4 anledningar, resten kan flyte litt.

Han sa:

1. Husdyrgjødsel så tidleg som mulig
2. Kunstgjødsel 1.mai +/- ei veke
3. slått første veka i juni
4. slått 15.-25. juli

Alt skal klaffe for alle, det er ikkje lett. Me skulle reise med eit anna par, og etter litt fram og tilbake vart flyet og båten bestilt, avreise 16. juli retur 23. juli.

Korleis skulle dette gå? Det er typisk at slåtten kjem akkurat den veka...

Ja ja, me pakka kofferten og reiste avgårde. Vær og vind betyr mykje i ein segbåt, men jammen har det stor betyding for ein som skal slå graset òg. Eg kopla ut gardsdrifta heilt til

naboen ringte og lurte på kvifor far min hadde starta slåmaskinen?

Slåtten ja, nei eg må ringe heim og høyre.

Eg hadde avtalt med far at viss det vart lagleg vær kunne han slå samtidig som naboen. Me gjer det slik for at dei som presser rundball skal få effektiv køyring.

**Eg kopla ut gardsdrifta heilt til naboen ringte og lurte på kvifor far min hadde starta slåmaskinen?**

Han hadde sett at sonen til naboen smurde opp slåmaskinen og gjorde seg klar, det var nok til at hjula var i gang. Graset vart slått, og pressa dagen etter. Lett!

Kyllingane var inne i 4. veke. Dei byrjar verte store då, og krev til tider mykje ventilasjon for å halde temperaturen nede. Denne veka var det bra vær (nesten einaste i juli) og temperaturen vart litt for høg ein gong. At

